



Erling Brattlid

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1048 - 14/18900

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

01.12.2014

Administrativt vedtak, sak 351/2014.

GBNR 1/355 - Vedtak etter avvising av gebyrkrav/søknad om redusert gebyr - Førespurnad om søknadspliktig bruksendring av garasje

Klage/avvisning av gebyr:

Kommuneadministrasjonen viser til epost frå dykk motteke 27.10.2014, samt til godkjenningsvedtak for mur og garasje på gbnr 1/355 dagsett 18.9.2014. Følgjande er uttalt av dykk:

«Vi har allerede betalt for denne byggesaken og har ikke planer om å betale mer. Vi mener vi ikke kan lastes for at kommunene har feilført saken og bedt oss om å sende inn ny søknad. Kommunen burde gitt oss beskjed om å søke om muren med en gang, så hadde ikke dette skjedd. Vi kan til nød betale for ansvarssøknaden som ikke er betalt for.»

Kommunen sitt gebyrregulativ har heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gjeld som forskrift. Det kan ikkje klagast særskild over ein forskrift, jf Forvaltningslova § 28. Forvaltningslova § 40 seier at en forskrift ikkje kan «*fravikes av et forvaltningsorgan, med mindre forskriften eller vedkommende hjemmelslov gir adgang til det*».

Kommunen ser at gebyr for garasjen vart innbetalt i samband med tidlegare søknadshandsaming (oppheva løyve). Denne delen av gebyret fell difor bort. Det gjeld gebyr på kr 5 800,-, som vart fastsett i medhald av gebyrregulativet punkt 10.2.6.

I høve til fastsatt gebyr elles, har Meland kommune vurdert dykkar skriv som ein søknad om redusert gebyr i medhald av gebyrregulativet punkt 4.12, som har følgjande ordlyd:

«Når særlige grunнар ligg føre kan det søkjast om redusert gebyr. Søknad om redusert gebyr skal være grunngjeven. Personlege og/eller sosiale tilhøve vert ikkje rekna som særleg grunn. Fastsetting av gebyret skal skje ved enkeltvedtak.»

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Det er etter kommunen sitt syn ikkje tvilsamt at oppføring av muren er eit søknadspliktig tiltak i medhald av pbl § 20-1 bokstav a. Det er tiltakshavar sitt ansvar at plan- og bygningslova vert overhalde, både i høve til at søknadspliktige tiltak vert omsøkt og at søknaden er komplett. I denne saka vart både mur og garasje oppført utan søknad. Seinare innsendt søknad var mangelfull i høve til ansvarsrett som sjølvbygger. Gebyr for mangelsbrev og godkjenning som sjølvbygger følgjer direkte av gebyrregulativet og kommunen har ikkje høve til å sjå bort frå dette, jf fvl § 40.

Administrasjonen legg til at saka har vore arbeidskrevjande for kommunen. Både fordi garasje og mur vart oppført utan forutgåande søknad og godkjenning, nabomerknader som følgje av plassering av muren og mangelfull søknad. Dette er tiltakshavar sitt ansvar og talar etter administrasjonen sitt syn mot gebyrreduksjon.

Administrasjonen kan soleis ikkje sjå at dykkar grunngjeving utgjer særleg grunn for å redusere gebyret i samband med søknaden om oppføring/legalisering av muren som eige tiltak.

Meland kommune gjer etter dette følgjande vedtak:

«Søknad om redusert gebyr etter gebyrforskrifta punkt 4.12 vert ikkje teken til følgje. Nytt gebyr i saka vert fastsett slik:

Gebyrregulativ 2014 punkt 10.2.6. (søknadspliktig mur etter separat søknad om mindre anlegg/konstruksjonar på bygd eigedom), **kr 5 800,-**.

Gebyrregulativ 2014 punkt 10.2.10. (mangelfull sak med melding til søkar/mangelsbrev dagsett 18.8.2014), **kr 2 900,-**.

Gebyrregulativ 2014 punkt 10.2.9 bokstav c. (godkjenning av sjølvbygger), **kr 2 900,-**.

Samla gebyr: **kr 11 600,-**.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Mogleg ulovlege tilhøve- Førespurnad om utgreiing:

Kommunen har fått førespurnad om godkjent garasje på gbnr 1/355 vert bruk til varig opphald, utan at dette er omsøkt eller opplyst kommunen ved søknadshandsaminga i saka. Bruksendring av bygg kan vere

eit søknadspålig tiltak, jf pbl § 20-1 bokstav d, jf byggesaksforskrifta (SAK10) § 2-1. Kommunen har ikkje teke stilling til om tilhøvet er eit brot på plan- og bygningslova, men ber i fyste omgang om tilbakemelding om tilhøvet og dykkar vurdering i høve til søknadspålikten.

Frist for utgreiing er 7.1.2015.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1048.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Erling Brattlid

Erling og Wenche Brattlid

Flatøyvegen 104 A 5918

FREKHAUG